



Kommunereform

Prosjektgruppa

Dykkar referanse:

Sakshandsamar:

Øystein Høyvik
Tlf. 57612650

Vår referanse:

15/399-28-ØH-
FE - 002

Dato:

31.01.2016

Kommunereform, referat frå møte i prosjektgruppa 29.01.16

Tidspunkt : Fredag 29.01.16 kl 10.30 – 12.00

Stad : Scandic Sunnfjord Hotel og Spa

Til stades frå prosjektgruppa:

Marit Solheim, Øyvind Bang-Olsen, Børge Tvedt, Elin Enebakk, Ola Hovland, Per Arne Tveit, Terje Heggheim, Helge Følid, Trond Ueland, Bente Nesse, Marit Solheim, Stian Jakobsen, Wenche Kvalvik og Øystein Høyvik.

Fråfall prosjektgruppa:

Håkon Loftheim, Erik Askeland, Ole John Østenstad,

Andre til stades:

Christian Rekkedal.

Utsendt dagsorden

1. Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 08.01.16
2. Gjennomgang av kommunestyrevedtaka v/ rådmennene
3. Rådgjevande folkerøysting
 - a. Status organisering av rådgjevande folkerøysting v/ Øystein Høyvik
 - b. Korleis vil den enkelte kommune informere og involvere fram mot 04.04.16? v/ rådmennene
4. Folkemøte for ungdom 30.01.16
 - a. Status plan gjennomføring v/ Øystein Høyvik
 - b. Korleis ser rådmennene føre seg at involvering av ungdom vil skje i den enkelte kommune? v/ rådmennene
5. Drøfting:
 - a. Kva rolle skal prosjektgruppa ha i det vidare arbeidet?
 - b. Kva rolle skal rådmennene ha i det vidare arbeidet?
 - c. Kva rolle skal sekretariatet ha i det vidare arbeidet?
6. Gjennomgang møteplan – behov for møte før 04.03.16
7. Eventuelt

Gjennomgang og godkjenning av referat frå møte 08.01.16

- Godkjent.

Gjennomgang av kommunestyrevedtaka

- Den enkelte rådmann gjekk gjennom vedtak for sin kommune
- Notat som viser samla oversikt over vedtak vil bli sendt ut så snart alle har sendt vedtaka til prosjektleiar

Rådgevingande folkerøysting

- Øystein Høyvik orienterte om arbeidet som skjer i regi av arbeidsgruppa
- Dei kommunane som vel å ikkje ha folkerøysting går ut av arbeidsgruppa
- I tillegg til fellesannonse som vart bestemt i møte 08.01.16 vil prosjektgruppa rå til at det blir utarbeidd informasjonsfolder basert på same lest. For meir informasjon sjå referat frå møte i styringsgruppa 29.01.16

Folkemøte for ungdom 30.01.16

- Øystein Høyvik informerte om status
- Rådmennene informerte om korleis den enkelte vil ta dette vidare i eigen organisasjon, og eksempel på tiltak er
 - Besøk i alle 10. klassane
 - Aktiv bruk av elevråd
 - Involvering av ungdomsråd
 - Aktiv bruk av sosiale medium
 - Folkemøte/arbeidsverkstad for ungdom i eigen kommune

Drøfting omkring roller

- Prosjektgruppa arbeider vidare i tråd med vedteken prosjektplan
- Prosjektgruppa vurderer det som viktig at ordførarane samla i større grad tek ansvaret for at avtalte resultat blir nådd.

Gjennomgang møteplan

- Vurderer at det kan vere aktuelt med prosjektgruppemøte før 04.03.16

Eventuelt

- Prosjektnamnet blir endra frå «Kommunereform Firda kommune» til «Kommunereform».

Med helsing

Øystein Høyvik
leiar

Dette brevet er elektronisk godkjent av Førde kommune om det ikkje er signert.

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane v/ Træen og
Rekkedal
Styringsgruppa